


# Haustemelding veke 37, 12.-18. september, 2022



**ANDA  
ANDELSGARD**

Kva?	Kor?	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Potet	I ein kasse i lagerbygget i enden med vannkranen	10-15 poteter (store) Eller 15-20 poteter (små)	Plukk potetene frå kassen. Husk å lukke døra og skru av lyset (dersom du har slått det på), slik at det ikkje kjem lys til.	Det er mykje skurv på potetene, men om du skrellar dei, er dei like gode for det. Det er mykje poteter igjen, så husk å få med deg dette og.
Ruccola	Bak lageret	Ta det du vil ha om du finn noko brukande	Plukk blad, ikkje riv opp planten.	
Reddik (siste veke)	Bak lageret	3-4 reddik	Dra opp reddiken. Om du ikkje tek med lauvet, kan du gje det til hønene eller geitene.	
Vårløk (siste veke)	Bak lageret	1 vårløk	Dra opp vårløken og rist godt av molda. Skjer evt av røtene.	
Spinat	Bak lageret	5-6 blad	Riv av blada nede ved rota.	Vi har sått litt ny spinat, men det blei ikkje så mykje av det, men det blir ein liten smakebit denne veka.
Urter og etande blomar	Bak lageret, i pallekarmene	Ta det du treng	Klipp av, ikkje riv opp rota Sjå etter at ikkje heile planten blir klipt ned.	
Blomar	Bak lageret og på hovudfeltet	Plukk deg ein bukett av diverse blomar.		Nå er det mykje solsikker, både små og store, så plukk gjerne nokon av dei.

Pyntegresskar	På hovudfeltet (i enden av squashfeltet og blomsterfeltet)	2 pyntegresskar	Du må kanskje leita litt. Det er forskjellige fargar og fasonger. Riv forsiktig av utan å øydeleggja resten av planten.	<b>NB. Desse er giftige og er berre til pynt. Dei må ikkje etast.</b>
Squash	På hovudfeltet. NB. Det er nokre squashplanter opp komposthaugen	1 squash (om det er nokon igjen)	Skjer/riv av squashen utan å øydeleggja resten av planten.	Ein del squash har blitt veldig store, men dei kan gjerne brukast. Fint om de haustar av dei store også.
<b>Green Hokkaido (nytt denne veka)</b> 	På hovudfeltet, mellom squash og mais (manglar kanskje skilt)	1 gresskar (små runde grønne gresskar)	Skjer/riv av gresskaret. Lurt å hauste dei med stelk dersom du vil lagre dei.	
Mais	På hovudfeltet	1 maiskolbe (om du finn ein som er moden)	Brekk maisen forsiktig av planten.	Maisen er klar når håra i enden er brune og visne, og du i tillegg kan kjenna at den er butt i enden.
Gulbetar	På hovudfeltet	3 betar – ta av dei største	Dra beten opp. Vri av lauvet og kast det på bakken mellom rekkene med betar.	
Polkabetar	På hovudfeltet	2 betar – ta av dei største	Dra beten opp. Vri av lauvet og kast det på bakken mellom rekkene med betar.	
Rødbetar	På hovudfeltet	5 betar – ta av dei største	Dra beten opp. Vri av lauvet og kast det på bakken mellom rekkene med betar.	
Mangold	På hovudfeltet. Ovanfor sukkerertene.	Ta det du vil ha	Klipp riv av blada. Ta litt frå kvar plante.	

Sukkererter	På hovudfeltet	Ta det du vil ha om du finn noko som er brukande	Klipp/knip av belgen.	
Newzealansk spinat	På hovudfeltet.	Ta det du vil ha		
Stangbrekkbønner og buskbønner	På hovudfeltet	Ta det du vil ha	Klipp/knip av belgen.	Du må leita godt mellom bladverket for å finna desse bønnene.
Grønncål (grønt)	På hovudfeltet, ved sida av rekka med vill ruccola	2-3 blad Ta dei nederste, største blada.	Brekk av blada	
Grønncål (rødt)	På hovudfeltet, i enden av rekka med vill ruccola	2-3 blad Ta dei nederste, største blada.	Brekk av blada	
Vill ruccola	På hovudfeltet	Ta det du vil ha	Knip/klipp av blada	
Knutekål superschmelz	På hovudfeltet	Det er ikkje nok til alle, så difor kan det ta anten	Skjer av kålet rett over rota. Kast blada i komposthaugen.	
<b>Pac choi (nytt denne veka)</b>	På hovudfelt mellom brokkol og knutekål	1 knutekål, 1 pac choi eller 1 lollosalat (første mann til mølla får velja først)	Skjer av kålet og la rota stå igjen.	
<b>Lollosalat (nytt denne veka)</b>	På hovudfelt		Skjer av salaten og la rota stå igjen	
Brokkoli – små sideskot	På hovudfeltet	Ta det du vil ha om du finn noko	Brekk av dei små skota som veks opp på sidene av brokkoliplanten.	
Hovudkål	På hovudfeltet	1 hovudkål (denne eller neste veke)	Kålet er klart når det er fast og hardt. Skjer av kålhovudet og la resten av planten stå igjen.	Dei som haustar denne veka, får ikkje hausta neste veke.
Purreløk	På hovudfeltet	1 purre	Riv opp løken. Bruk evt. greip til å løysna han litt om	

			han er vanskeleg å få opp. Rist av molda og skjer evt. av røtene.	
Vårløk	På hovudfeltet	Ta det du vil ha.	Riv opp og rist/skjer av molda.	Vårløken begynner å bli stor nå, og vi har meir bak lageret, så det er berre fint om du tek ein del.
Romanosalat, hjertesalat, isbergsalat og ekebladsalat	Hovudfeltet – NB. Ikkje haust av dei nyplanta salatane ennå.	Plukk det du vil av blad som spirer opp på salatplantene som allereie er hausta eller det som evt. står igjen.	Skjer/riv av blad.	
Fenikkelblomar	Hovudfelt	2-3 stelker til blomsterbuketten		Ein del av fennikkelen har gått opp i stokk og er ikkje så god å eta lenger, men den får veldig fine blomar, som held på å springa ut nå. Fine å ha i blomsterbuketen.
Stangselleri	På hovudfeltet	Ta det du vil ha	Skjer av planten heilt nede ved rota.	
Sellerirot	På hovudfeltet	3 sellerirot	Riv opp planten. Rist av molda. Skjer av røtene og lauvet. Kast lauvet mellom sengene.	
Pastinakk	På hovudfeltet	2 pastinakk	Riv opp pastinakken og brekk av lauvet. Legg det på bakken mellom rekkene. Pastinakken sit kanskje litt fast i jorda. Då kan du bruka ei greip til å løysna litt, men	

			pass, så du ikkje løysnar dei plantene som du ikkje skal ta.	
Gul gulrot (Solveig)	På hovudfeltet	10 gulrot (om det er meir igjen)	Riv opp gulrota. Knekk av lauvet og legg det på bakken mellom gulrottrekkene, ikkje oppå dei andre gulrøtene.	
Vanleg gulrot (Robila)	På hovudfeltet	10 gulrot	Riv opp gulrota. Knekk av lauvet og legg det på bakken mellom gulrottrekkene, ikkje oppå dei andre gulrøtene.	
Paprika, cayenne, jalapeno	I veksttunnellen, innerst i midten	1 paprika, 1 cayenne, eller 1 jalapeno om du finn ein rød (om du ikkje fekk sist veke)	Riv/klipp forsiktig av utan å øydeleggja resten av planten.	
Tomat	I veksttunnellen	10 tomater, litt store og mest små	Riv klipp forsiktig av tomaten utan å øydeleggja resten av planten.	